



Ålesundregionen Interkommunale Miljøselskap Iks
Langlandsvegen 1
6010 ÅLESUND

Vår ref.:
17/3360

Saksbeh.:
BVA

Ark.:
K1 - 026, K2 - K21

Dykkar ref.:

Dato:
13.02.2017

STRATEGI FOR NY AVFALLSHANDTERING - HØYRING - UTTALE FRÅ SULA KOMMUNE

Høyring for strategi for ny avfallshandtering har vore oppe til politisk handsaming i Sula kommune. I kommunestyret 09.02.2017 vart følgjande uttale vedtatt:

K-004/17 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtar slik uttale til ÅRIM sin strategi for framtidig avfallshandtering i regionen:

Sula kommune ser det verdifulle i å fokusere på minka avfallsmengder samt gjenbruk av det avfallet som oppstår. Kommunen stiller seg bak den nasjonale føringa og er positiv til ein grønare, sirkulær økonomi.

Når det gjeld implementeringa av auka mengde fraksjoner er det viktig at dette vert gjort på ein slik måte at innbyggerane opplever overgangen som positiv. Det er særleg viktig at talet på og mengda av fraksjonar ikkje bidrar til forringing av folk sitt uteområde og/eller forvirring rundt renovasjonsordninga med etablering av parallelle løysingar.

Dersom det er miljømessig praktisk og økonomisk hensiktsmessig å iverksetje utskilling av våtorganisk avfall, kan Sula kommune vurdere å innføre dette før det kjem eit nasjonalt pålegg. Avfallshandtering generelt bør utøvast mest mogleg i samvirke med dei andre etablerte avfallsannlegga i regionen.

Når det gjeld oppsamling og rydding i fjøra av organisasjoner o.l., må ÅRIM gå breidt ut og informere om dette til alle slik at eigarkommunene får likt tilbod. Satsing på marin opprydning i stor målestokk ser vi ikkje på som ei av ÅRIM sine oppgåver per i dag.

Planlegging av nedgravde avfallssystem ser vi på som positivt for områder med konsentrert bebyggelse til dømes blokker, rekkehus o.l. Likeledes kan gode insentiv for felles samledunker i disse bumiljøa være berikande.

Sula kommune ønskjer at ÅRIM går i dialog med dei andre regionale interkommunale renovasjonsselskapa som VØR og SSR, med sikte på å etablere eit større regionalt renovasjonssamarbeid. Det vil gjere det enklare å etablere regionale løysingar for sortering og materialgjenvinning samtidig som ein bidreg til lokale arbeidsplassar og verdiskaping.

Med helsing

Birgitte Valderhaug
Avdelingsingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur